

Nr. 2

MARS 1991

24. ÅRG.

FARTSDEMPARAR VED KYRKJA I INDRE ARNA?



Vegen frå jernbanestasjonen fordi Arna kyrkje og kyrkjelydshuset er uoversiktleg og bilistane tek ikkje alltid omsyn til det, skriv Arna sokneråd i eit brev til kommunen. (Foto: Sturle Monstad).

Overgang side 13

HVITE SOM SNØ



Hvite som snø, sier vi, og er vel sikre på at et mer helnorsk uttrykk skal vi lete lenge etter. Vi som er nordmenn, født med ski på beina og allting, kan jo dette med snø. Underlig nok er det en profet som bodde i Jerusaleem som har gitt oss dette uttrykket. Profeten Jesaja uttrykker først, på Guds vegne, sin forferdelse over folkets synder. Så formidler han Guds tilbud om nåde:

Kom, la oss gjøre opp vår sak! sier Herren. Om deres synder er som purpur, skal de bli hvite som snø; om de er røde som skarlaget, skal de bli hvite som ull. (Jes. 1,18) Oppgjør. Det er det påskens drama også handler om. Oppgjør mellom Gud og mennesker. Da Jesus døde på korset, var det våre synder han sonte. Det er på det

grunnlaget hver enkelt av oss blir innbudt til å få vår sak med Gud i orden. Alltid er det Gud som tar initiativet. Kom, sier han, la oss gjøre opp vår sak. Det er ikke noe et menneske finner på av seg selv. Som regel er det tvert imot det siste vi mennesker finner på, etter at alle andre utveier er prøvet først.

For oss mennesker er en slik innbydelse til oppgjør forbundet med erkjennelse og bekjennelse av vår synd. Vi forstår, kanskje for første gang i vårt liv, at det er den hellige Gud vi har krenket og trettet med alle våre synder. Men syndsbekjennelsen, og den nød den skaper, blir erstattet av glede og jubel når vi opplever at Gud, med bakgrunn i det som Jesus gjorde for oss, har tilgitt våre synder.

Tingene henger sammen i Guds rike. Det er nærmest en regel at det skjer etter en logikk som er motsatt av den vi kjenner fra den menneskeskapte verden. Hvor ellers hører vi om at den krenkede part tar på seg å sørge for at både han og krenkeren får full oppreisning? Tingene henger sammen. Langfredags sorg og ve blir erstattet av oppstandelsens glede påskemorgen. Den som kjenner anger og bot over sine synder, får kjenne glede og jubel over Guds tilgivelse.

Denne skiftingen mellom anger og bot på den ene side og glede og jubel over syndenes forlatelse på den andre side, kan lett bli en engangsopplevelse i livet. Noe som hørte omvendelsen til. Men Martin Luther snakket om en daglig anger og bot over våre synder. Følger vi en slik oppfordring fra vår kirkefader, vil også gleden over syndenes forlatelse kunne bli en daglig opplevelse.

God påske.

ast

Konsert for sykehusrom

Søndag 14. april klokken 18.00 holdes veledighetskonsert i Arna kirke til inntekt for den hematologiske seksjonen ved medisinsk avdeling på Haukeland sykehus.

Pasientene ved denne seksjonen lider oftest av svært alvorlige blodsykdommer, med et sykehusopphold som ikke dreier seg om dager, men om uker — måneder, med usikre prognoser.

Foranledningen til konserten er disse langtidspasientenes og deres pårørendes behov for et oppholdsrom med hjemlig atmosfære, som skal være et lunt og godt alternativ til sykeværelset og en kald og uper-sontativ korridor.

Kjente musikere som Jan Hovden, klaver, Gro Sandvik, fløyte, Stein Erik Olsen, klassisk gitar, Åshild Kyvik Bauge, sang med flere, vil delta sammen med skuespiller Lothar Lindtner. Går alt etter planen vil også en profesjonell ballettdanser gi oss en tolkning av et utdrag fra en egnet ballett til

Konsert med tre kor 17. mars

17. mars klokka 19.00 blir det konsert i Arna kirke der hele tre kor stiller opp. Det er Os blandakor, Unnelandskoret og Arna kirkekor. Torolf Skage, som er dirigent for Os blandakor, skal også ha en avdeling der han synger selv. Asbjørn Flåm spiller orgel.

Arna kirkekor skal framføre fire sanger fra sangsyklusen «Visst skal våren komme».

kirkefremførelse. Arna Kammerkor deltar også med sin dirigent Asbjørn Flåm og solister.

Måtte flest mulig støtte opp om konserten. Arrangøren tør love en sjelden fin opplevelse!

Inger-Johanne Enger-Marandon

Påskenaattsgudstjeneste

Påskeaften, 30. mars klokken 23.00 blir det holdt påskenaattsgudstjeneste i Arna kirke. Dette er en av de nye gudstjenestene som er laget for Den norske kirke. Men liturgien for denne gudstjenesten bygger på gudstjenestelivet i østlige kirker langt tilbake i tiden.

I Arna har det vært holdt påskenaattsgudstjeneste flere år på rad, og oppslutningen har vært økende. Tre prester deltar. Det er sokneprest Kjell Nese, residerende kapellan Harald Sundsbø og akademilektor Arve Brunvoll.

Som det framgår av invitasjonen et annet sted i menighetsbladet, skal det dannes et eget kor som skal delta på denne gudstjenesten.

Årsmøte i Arna kyrkjelyd 17. mars

Det vert halde årsmøte i Arna kyrkjelyd i Kyrkjelydshuset søndag 17. mars like etter høgmessa. Årsmeldinga for 1990 og rekneskap for det same året vert lagt fram.

Basar for Sjømannsmisjonen

Det er med stor glede vi kan ønske velkommen til den store fellesutlodningen i **Terminus Hall**.

Denne stor-basaren har blitt en god tradisjon, som mange har funnet veien til, og likt seg på. Det er utrolig mange fine ting som også dette året blir stilt ut som gevinster for utlodning.

Mange er glade for at vi fortsetter med det populære årsalget. I tillegg har vi også i år gjenopplivet den gamle kjære tombolaen, som mange har savnet.

I tillegg til dette blir det underholdning av mange slag, fra ulike korkrefter til blomsterdekorasjon. Gratis servering av kaffe og kaker hører med hver dag i 12-13-tiden. Ellers blir det salg av kaker, kaffe, brus o.l. alle dagene. Salg av **rømmegrøt lørdag kl. 13.00** vil nok mange sette pris på.

Vel møtt til et yrende basarmiljø i ekte Sjømannsmisjonsstil, med utrolig mange vakre ting å vinne!

Det er i **Terminus Hall** det skjer, 4.-6. april.

Åpent fra kl. **11.00-21.00** hver dag.

Kom og støtt din utenlandskirke: Den Norske Sjømannsmisjon!

Vi syng påska inn

«Vi syng påske inn» er namnet på ein konsert i Arna kyrkje onsdag 20. mars klokka 19.00 der alle kora i kyrkjelyden tek del. Det er Arna barnekantori, Arna Kyrkjekor, Keryx og Arna Kammerkor. Residerande kapellan Harald Sundsbø held andakt. Det vert teke opp kollekt.



Nattverd-gudsteneste Skirtorsdag

Skirtorsdag vert det nattverd-gudsteneste ved sokneprest Kjell Nese i Arna kyrkje kl. 19.00.

Songaren Johannes Lyngset vil også medverke på denne kveldsgudstenesta.

Johannes Lyngset jobbar til dagleg som lærar på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug.

Kor frå Bibelskulen på Bildøy

Koret DIVICI frå Bibelskulen på Bildøy held konsert i Arna kyrkje søndag 7. april klokka 16.00.

Barnekantoret holder basar lørdag 6. april

Lørdag 6. april arrangerer Arna barnekantori stor basar i kyrkjelydshuset.

Basaren startar kl. 13.00 og held på til kl. 17.00. Det vert loddsalg, kafeteria, trekning av loddbøker, underholdning m.m.

Arna barnekantori tel i dag 34 medlemmer frå 1. klasse og oppover til 8. klasse.

Koret øver kvar dag kl. 17.00 i kyrkjelydshuset. Dette året feirar koret 5 år.

Kvart år reiser koret på tur. I år skal koret delta på den internasjonale barne- og ungdomskorfestivalen på Hamar som finn stad 21.-23. juni.

Sett av denne lørdag ettermiddag til et besøk på korets basar.

VEL MØTT!

Koret Dynamix i Arna kirke

Vil du høre jazz, folkemusikk, salmer, negro spirituals og kirkemusikk i skjønning?

Da bør du ta turen til en av kammerkoret DYNAMIX sine opptredener i Bergen helgen 5.-7. april. DYNAMIX skal denne helgen ha øvings- og konserthelg i Bergensområdet. Koret består av tidligere elever ved Sagavoll folkehøgskole i Telemark. I Arna kirke medvirker koret ved gudstjenesten søndag 7. april kl. 11.00. Etter gudstjenesten kl. 12.45, blir det «huskonsert» i Kyrkjelydshuset i Arna.

Musikkandakt palmesøndag



Hege Høisøter synger under musikkandakten i Arna kyrkje søndag 24. mars kl. 19.00. (Foto: Nils-Tore Vik.)

I samband med «Påskefestveka i Bergen 91» vert det arrangert musikkandakt i Arna kyrkje palmesøndag 24. mars kl. 19.00.

Her medverkar Hege Høisøter, alt og Asbjørn Flåm, orgel. Det vert andakt ved res.kap. Sundsbø.

Hege Høisøter (27) er født og oppvokst i Bergen, men er i dag busatt i Oslo. Ho har studert sang med bl.a. Åshild Kyvik og Ellen Sundsby og har vært elev ved «Cantica Voice studio» i London.

På programmet denne kvelden står musikk av G.F. Händel, J.S. Bach, K.M. Karlsen m.fl.

Nødhjelpsaksjoner

I dette nummer av menighetsbladet vil du finne en fastebøsse. Den er med i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon Brød for verden og er ment til bruk i hjemmene i fastetiden fram til påske og i tiden like etter.

Fastebøssene kan leveres inn på kirkekontorene i Indre Arna og Ytre Arna og i kirkene i forbindelse med gudstjenestene.

En søndag over påske blir det også tatt sikte på å få gjennomført en dør-til-døraksjon i Arna for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelp. Både denne aksjonen og fasteaksjonen skal skaffe penger for å

kunne hjelpe nødlidende mennesker rundt i verden. I disse dager er det særlig i endel land i Afrika like sør for Sahara at sultkatastrofen rammer menneskene som bor der.

For små midler kan Kirkens Nødhjelp skaffe hjelp til de som lider nød. 150 kroner skaffer mat for en familie i Etiopia eller Sudan i en måned. 10 kroner rekker til utplantning av et tre i Mali for å hindre at ørkenen sprer seg enda mer. På den måten kan videre forsøking av matjord og ny sultkatastrofer hindres.

Påskennattsgudsteneste

Arna kyrkje
Påskeaftan kl. 23.00

INVITASJON TIL KOR/KORISTAR

Arna kyrkjelyd inviterar med dette kor/einskilde kormedlemmer til å delta på «Påsketoret» som skal medverke under Påskennattsgudstenesta i Arna kyrkje Påskeaftan.

Denne gudstenesta skal i hovudsak gjennomførast utan orgel og vi håpar av den grunn å stable på beina eit stort kor.

Det blir lagt opp til øving Skirtorsdag 28. mars kl. 18.00 i Arna kyrkje. Denne øvinga vert avslutta med gudsteneste kl. 20.00 og det vert lagt opp til enkel servering i mellom.

Dei som ynskjer å melde seg på, kan ta kontakt med Siri Brunvoll/Asbjørn Flåm eller til Arna/Ytre Arna kyrkjekontor.

Notar vert utlevert ved påmelding.

Med helsing
Kantor
Siri Brunvoll
Asbjørn Flåm

Ein afrikanar om Europa:

EUROPEARANE MANGLAR LIV

Tekst: Odd Hatløy, Stavanger Aftenblad

Foto: Håkon O. Lislrud, Kirkens Nødhjelp

De europearar er fullblods materialistar og individualistar. De ofrar alt på sjølvdyrkingsaltaret dykkar. Skuvar til side dei gamle, gir avkall på deira råd og røynsle og omgir dykk med eit panser av kulde. Kvar blir det av det menneskelege pulsslaget?

Denne karakteristikken kjem frå Sidi Mohammed Ould Zahaby, muslim og nestleiar for Kirkens Nødhjelp sitt prosjekt i den vestafrikanske staten Mali. Han har administrativ utdanning frå Frankrike og skal disputere for doktorgraden ved Sorbonne-universitetet i Paris. – Om Gud vil, legg han til.

Ein afrikanar ser på europearen og Europa, eg ber Sidi Mohammed gi eit usmin-ka bilete:

– De verkar så redde, a, ofte skremde når de står framfor nye og ukjende utfordringar. Kvar har det vorte av den pirrande nyfikna som gjer livet verd å leve?

Undrande held han fram:

– Kva slags menneskesyn har de eigenleg? Kjem ein framand til Mali, vil vi instinktivt vite kven han er, kva han gjer, kva han interesserer seg for og kva draumar han

har. Men de skuvar frå dykk menneske som tenkjer annleis. Kan det vere årsaka til at de oppfattar dei fleste innvandrarar som terroristar?

Sidi Mohammed har hausta røynsle frå møtet med europeisk kultur i Frankrike dei to siste åra. Han synest einsemda er slåande og opplever at sjelsliv har vorte eit framandord. Av alle dei europeiske studentane han har møtt, har berre nokre få sagt at dei trur på Gud.

– For meg er religion ein naturleg del av livet. Religionen lærer meg å leve. Og anten du er muslim som eg

eller kristen, så treng du ei hand å halde i utanfor deg sjølv.

Men fordi de ikkje innser dette, fryktar eg for Europa si framtid. Eg ser for meg eit avideologisert kontinent der alt teknisk fungerer til det fullkomne, men der du ikkje registrerer menneskelege pulsslag.

Europearen er no i ein situasjon der han forsvarar alt det beståande. Han har nådd toppen av velstands-pyramiden. Medan afrikana-ren manglar alt. Berre ikkje vona. Og han prøver med alle middel å oppnå nett det som de har. Dette er den grunnleggjande spenninga i forholdet nord-sør, seier Sidi Mohammed i Mali.

På jobb i Gourma. KN-direktør Terje Eltervåg og nestleiar for prosjektet, Sidi Mohammed Ould Zahaby forhandlar med innbyggjarane i ein landsby om å byggje ein skole.





Påskemorro for born

(og vaksne)



Påskenøtter:



KRYSSORD

Bli kjend med påskeevangeliet

I Det Nye Testamentet i Bibelen, finn du fire evangelium. Dei har namn etter dei som har skrive dei: Matteus, Markus, Lukas og Johannes. Dei siste kapitla i kvart evangelium handlar om korleis Jesus leid, døydde og stod opp att.

Dei orda du treng til kryssordet, finn du i dei Bibelversane det er synt til i parantesane. Be ein vaksen om hjelp dersom du tykkjer det er vanskeleg.

Når du har løyst kryssordet, vil du sjå kva ord som står nedover i kryssordgata, det er namnet på eit av dei finaste og viktigaste tidspunkta i historia.

1. Romersk høvding (Markus 15.1)
2. Det Jesus og læresveinane åt (Matteus 26.18)
3. Han la Jesus i grava si (Johannes 19.38)
4. Øvstepresten som hadde gjeve folket råd (Joh. 18.14)
5. Hagen der Jesus bad (Matt.26.36)
6. Landsby som to læresveinar gjekk til (Lukas 24.13)
7. Ei av kvinnene ved grava (Luk. 24.10)
8. Han forneakta Jesus, men fekk tilgjeving (Matt. 26.69)
9. Mariagjekk til grava (Joh. 20.1)
10. Han bar Jesu kross (Mark. 15.21)
11. Velta steinen frå grava Matt.28.1)

Vitsar

Reidar var på skitur i påskefjellet. Brått datt han ned i ei djup kløft. Der vart han sittande heilt til Raude Kross kom.

- Ta det med ro, vi kjem frå Raude Kross! ropte Raude Kross-folka ned til han.
- Eg skal ikkje ha lodd, svara Reidar surt!

Har du høyrte om han som hadde så mange rynker i panna at han måtte skru av seg hatten!

Og så var det mannen som var så tynn at han berre brukte ein stråle i dusjen.

Be for Bangladesh

I skrivande stund er det berre eg (Ottar) av oss fem her i huset som er på plass, dei fire andre er reist til Nepal, og blir der iallfall til uti mars. Folk frå vesten og med kvitt skinn opplevde det så pass tøft her ei stund, at heimeledelsen i Misjonen ville senda bort mødre og barn for ei tid. Her oppe i jungelen hjå oss har me merka lite av det, dog kan det nå kanskje ulma litt rundt omkring likevel, utan at me veit alt kva folk meiner om oss.

Nett no er det valget 27. februar som står i fokus. Krigen i Gulfen er litt meir i bakgrunnen. Men det kan fort snu og etter valget er vi nok usikre på kva som kan koma på. Kven skal dei tapande då ta seg ut på? Kanskje det kan verta vanskelegare å vera kvit og frå vesten då, iallfall dersom krigen held fram?

Valget, ja. Nå er det valgkamp overalt. Og det skal verta spanande å sjå korleis det vil gå. Vil dei ortodokse muslimane få meir framgang, eller vert det meir i liberal retning? I augneblikket kan det siste synast mest sannsynleg, men det er vanskeleg å vita kva som skjer i dette landet. Landet treng iallfall forbøn. Det har vore relativt turbulente tilstandar lenge nå, og vi vonar valget kan vera med å avklara litt og gje arbeidsro og vidare positiv utvikling.

Det er ikkje berre «dei kvite» som har blitt trua, nå under gulf-krigen. Også for dei kristne har det vore vanskeleg, og sume stader har det vore demonstrasjonar og stein-kasting på kyrkjene. Ein kristen landsby skal også vera brend. Dette gjer dei kristne usikre og redde. **Be om at dei må gå styrka ut av denne prøvinga.**

Sist søndag hadde me årsmøte i menigheten vår her i Brahmanbazar. Og eg ville gjerne dela litt frå dette arbeidet i dette brevet. Vi veit ikkje kor lenge me får vera her som misjonærar, og derfor er det nødvendig å nytta tida medan me er her. Og det vart på nytt alvorleg for meg at denne flokken her i Brahmanbazar treng forbedarar. Det er ein noko samansett menighet med mange motsetningar, og til tider store «bølger». Mange av oss har vel tenkt at her nyttar det ikkje lenger. Men det er nok ikkje

Guds vilje; han har nok andre tankar for denne flokken. Så ver med og be, det nyttar. Av bakgrunn har me katolikkar, baptistar, pinsevenner, presbyterianarar, anglikanarar, lutheranarar, og så nokon som er blitt kristne her, og ikkje har slik «arv» å bera på som dei andre eg nemnde. Og så skal me vera ein flokk. Ikkje rart om det av og til knirkar i «samanføyningane». Det me ber om er at **Den Heilage Ande må få ta slik fatt i oss**, at me grip evangeliet, og vil bringa det vidare.

Me har lenge bedt om at me måtte få til ei Bibelgruppe for dei som har ansvaret for gudstenestene, det går nemleg på omgang, og nå samlast 10-12 menn kvar veke til samtale om søndagens tekst. Det har vore inspirerende å sjå den iver som dei legg for dagen. Siste året har det igjen blitt søndagsskule her, 29 born er innskrevne. Dei kom inspirerte tilbake frå leir førre veke; stor stas. Kvinnene samlast kvar fredag til bønnemøte, og dei er trufaste til å møta opp. Så **be om fornying og vekking mellom oss**, slik at motsetjingar vert borte, og evangeliet samlar oss. Det kunne bety noko for nabolaget også. Underskrivne er forøvrig på nytt valgt til menighetsrådsformann.

Sist veke vakna eg med songstrofen: «Over deg, under deg setter Han vakt, Han skal beskytte deg, det har Han sagt», ei herleg helsing i ei uroleg tid. «**På alle kanter omgjev du meg**». Salme 139,5.

Takk for forbøn. Takk også for gaver til arbeidet.

Helsing Kirsten, Jostein, Kjetil, Marit
Kristine (alle Nepal)

Nepaladr.:
Norwegian School, P.O. Box 1045,
Kathmandu, NEPAL

og Ottar (Hope)
Adr.: Kajaldhara 3234 Mauvibazar,
Bangladesh

Santalmisjonen sin konto er fortsatt:
6026.05.01413
Boks 9219 Vaterland 0134, Oslo 1

Et folk tar farvel

VERBUM forlag har utgitt en bok med de offisielle talene som er holdt i anledning Kong Olav's bortgang. Her er talen H.M. Kong Harald holdt om kvelden 17. januar. Dessuten talene til stortingspresident Jo Benkow, statsminister Gro Harlem Brundtland, høyestepresident Erling Sandene, biskopene Andreas Aarflot og Kristen Kyrre Bremer. Boken inneholder også dikterpresten Eyvind Skeies dikt og ordningen som ble fulgt ved gravferden.

Kong Olavs død er en viktig hendelse i det norske folks liv og historie. De talene som folkets fremste representanter har holdt, tolker våre følelser og vår takknemlighet til Kong Olav. Vi har også vært vitne til at kirken og gravferden onsdag har fått bety mye for mange mennesker i disse dramatiske januardagene. Vi tror mange vil ønske å ha disse talene samlet i bokform, sier forlagssjef Magne Lerø i Verbum forlag.

Evangelisk aksjon i Arna

Arna sokneråd og indremisjonslaga i Arna har valt ei nemd som er i arbeid med å planleggja ein evangelisk aksjon i Arna i tida 29. september-13. oktober 1991.

Dei mange bibelgrupper og kristne foreringar i Arna vert oppmoda til å vera med i åndeleg førebuing og bøn for denne aksjonen til hausten.

Bispevisitas 9.-12. jan. -92

Biskop Per Lønning kjem på visitas til Arna 9.-12. januar 1992. Visitasen er utsett noko i høve til det som tidlegare var fastsett, nemlig 21.-24. november -91. Grunnen er til det er at biskopen på denne tida skal vigsla den nye sjømannskyrkja som er under bygging i New York. Biskopen i Bjørgvin er også tilsynsmann for Den Norske Sjømannsmisjon sitt vidtfermande arbeid rundt i mange verdsdelar. Sjømannskyrkja i New York har dei siste åra fått så sterk auke i oppslutninga at lokala er vortne for små og ny kyrkje måtte skaffast.

Kirkens Nødhjelp satser på nytt i Sør-Sudan

Kirkens Nødhjelp skal gradvis trappe opp virksomheten i Sør-Sudan. Dette innleder en ny fase etter at organisasjonen måtte oppgi sin virksomhet som følge av borgerkrigen som brøt ut i 1985-86.

Det var i Sør-Sudan at Kirkens Nødhjelp satte ut i livet det største bistandprosjektet noen gang i norsk regi. Tilsammen ble det investert rundt 400 millioner kroner i tidsrommet 1974-1986. Det er ikke planer om å bygge opp en stor stab i området. Kirkens Nødhjelps styre har gjort det klart at det skal arbeides gjennom de lokale sivilt administrative og kirkelige strukturer.

SAMDALS
BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

90 19 80 hele døgnet
Kommer også hjem for samtale.
J. Teigland tlf. privat: 24 22 23

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

- Arna sokn:**
01.01: Marie Hallheim, døpt i Sakshaug kirke.
13.01: Oda Teige Kalsaas.
20.01: Stine Mjelde, Kristin Solberg.
03.02: Saritha Rading Stokke, Hege Sandal, Benedicte Augustson Njaa-stad, Kristin Ulveseter, Johanna Årdalsbakke Mjeldheim, Camilla Birkeland, Niklas Lerpold.
03.02: Silje Tolo Haugland, døpt i Fyllingsdalen kirke.
17.02: Tina Heggertveit, Kine Grindheim, Andrea Andersen, Marte Spilde, Runar Espeland, Kristian Agledal Rauboti, Steffen Andreassen.
- Ytre Arna sokn:**
20.01: Martin Espevik.
03.02: Kenneth Svenning Kalsås, Ingrid Live Holmefjord.
17.02: Julie Johansen Hestdahl, Anette Nundal.
17.02: Sascha André Vines Koehler, døpt i Åsane kirke.
03.03: Thomas Tresvik Låstad.

† Døde

- Arna sokn:**
01.01: Helene Ytrearne, f. 1913
08.01: Marie Hana Håbrekke, f. 1890
09.01: Sigrid Storetvedt, f. 1902
11.01: Hanny Hodnekvam, f. 1916
13.01: Olav Bernhard Hauge, f. 1908
10.02: Johan H. Rosvoll, f. 1923

- Ytre Arna sokn:**
04.01: Anders Langeland, f. 1910
04.01: Einar Mikkelsen, f. 1924
26.01: Olav Martin Mjelde, f. 1918
13.02: Anna Riise, f. 1922
14.02: Bertha Rønhovde, f. 1912
15.02: Normann August Rolland, f. 1916

Ofringar

Arna sokn:	
06.01: Santalmisjonen	2.351.-
13.01: IKO	1.178.-
20.01: Kyrkjelydshuset	2.792.-
27.01: Bibelmisjonen (gudsteneste)	3.161.-
27.01: (kveldsmøte)	5.430.-
03.02: Kyrkjelydsarbeidet	2.698.-
10.02: Ungdommens misjonsaksjon	2.489.-
17.02: Forkynnar- og leiarringen	2.464.-
24.02: Kyrkjelydshuset	2.153.-

Ytre Arna sokn:	
06.01: Kyrkjelydsarbeidet	980.-
13.01: Dronning Mauds Minne	546.-
20.01: Bibelmisjonen	1.501.-
27.01: Bibelmisjonen	2.268.-
03.02: Den norske misjonsselskap	3.081.-
10.02: Kyrkjekoret	1.145.-
17.02: Det Blå kors	1.282.-



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-
ne desse søndagane:

Arna kyrkje:
31.3, 7.4, 21.4, 19.5.

Ytre Arna sokn:
31.3, 14.4, 12.5.

I Ytre Arna kan ein og ha dåp
når det er nattverd: 7.4, 21.4,
19.5.

KYRKJESKYSS FRÅ HAUKELAND/UNNELAND

24.03: Nils Minde	Tlf. 24 01 54
28.03: Konrad Borge	Tlf. 24 00 31
29.03: Sverre Myklebust	Tlf. 24 29 05
31.03: Berit Haugsvær	Tlf. 24 08 15
01.04: Ingrid Hope	Tlf. 24 08 08
07.04: Nils Minde	Tlf. 24 01 54
14.04: Konrad Borge	Tlf. 24 00 31
21.04: Sverre Myklebust	Tlf. 24 29 05
28.04: Berit Haugsvær	Tlf. 24 08 15



VÆR IKKE SOM BISKOPEN

Han visiterer kirkene i Arna bare hvert
10. år.

Du har muligheten for en visit hver søn-
dag kl. 11.00 - til gudstjeneste.

VELKOMMEN!

Overgang frå side 1

I eit brev til vegseksjonen i Bergen kom-
mune ber Arna sokneråd om at det vert
vurdert å leggja eit par fartsdempare i ve-
gen frå jernbanestasjonen i Indre Arna for-
di Borgstova, Arna kyrkje og Arna kyrkje-
lydshus.

Soknerådet skriv at både biltrafikken og
den gåande trafikken på denne vegen til ti-
der er stor. Vegen er uoversiktleg og bilista-
ne tek ikkje alltid omsyn til det. Sidan det
og er mindreårige fotgjengarar i dette strø-
ket, er ein redd det kan skje eit uhell, skriv
soknerådet.

Det vert også peika på at vegen gjennom
heile Lakslia har stor biltrafikk i begge ret-
ningar. Vegen er ikkje bygd for dette. Det
er ikkje gjort noko for å gje denne traseen
høgre standard. Sidan denne vegen og er

tilkomstveg til kyrkjetunet i Arna, ber Ar-
na sokneråd om at det vert vurdert kva som
kan gjerast for å sikra trafikantane. Nokre
møteplassar og eit par utvidingar ville i alle
høve betra trafikktilhøva monaleg, skriv
Arna sokneråd i brevet til vegseksjonen i
Bergen kommune.

Konfirmantkort

Norges Kristelige Student- og skoleung-
domslag har i år utkommet med en ny serie
konfirmantkort. Disse kan kjøpes på våre
distriktskontor i Stavanger.

Tlf. 04-53 55 15.

Det er studentlaget i Stavanger som står
for distribusjon av kortene.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

MØTER

Arna bedehus:

19.03: Indremisjonsbasar kl. 18.00.
21.03: Eldretreff kl. 17.00.
24.03: Søndagssamling kl. 18.00.
01.04: Søndagssamling kl. 18.00.
04.04: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.
05.04: Møte v/Hvite Bånd.
11.04: Medlemsmøte v/Indremisjonen.
13.04: Ungdomskveld kl. 19.30.
14.04: Lovsongsmøte kl. 18.00.
18.04: Eldretreff kl. 17.00.
21.04: Familiecaffi kl. 17.00.
25.04: Nattverd møte kl. 19.30.
28.04: Søndagssamling kl. 18.00.

Betania, Lone:

23.03: Ungdomskveld v/BUF.
24.03: Møte v/Misjonsambandet.
28.03: Nattverd møte.
01.04: Møte v/Indremisjonen. Talar Alfred Helland.
04.04: Møte v/Misjonsambandet.
05.04: Fredagskafé.
07.04: Møte v/BUF.
14.04: Eldrefest kl. 16.00.
16.-
21.04: Møteveke v/Samemisjonen.
25.04: Nattverd møte.
27.04: Møte v/BUF/Muhammedanermisj.
29.04: Møte v/Indremisjonen.

Ytre Arna bedehus:

21.03: Møte v/Blå Kors kl. 19.30. Talar bysekr. Iver Høy.
29.03: Møte.
07.04: Møte v/Santalmisjonen kl. 19.00. Talar Morten Pedersen.
14.04: Møte kl. 19.00.
21.04: Nattverd møte kl. 19.00.
01.05: Møte.
Haugland bedehus.
28.03: Fest kl. 17.00.
07.04: Familiemøte.
09.04: Møte kl. 19.00. Sangevangelistane frå Åsane vitnar og syng.
23.04: Samtalekveld kl. 19.00.

Tannlege MNTF LINE BORJA

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46
mellom 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna
Redaktør: Audun Stølås
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingvald Straume og Harald Sundsbø
Forretningsfører: Turid Vie
Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01.01856
Trygt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna



ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Står til teneste med alt ved dødsfall.

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, bæretransport.

TLF. 24 08 08

Kirkelig rapport om fengselsvesen og strafferett:

- Fengslene er blitt oppsamlingssteder

— Et vesentlig poeng i den kristne etikket er å understreke at straff må innebære muligheter for oppgjør, forsoning og nytt liv. Dette blir svært problematisk fordi fengslet

nå er så mye mer enn et straffested: Fengslet er også et oppsamlingssted for en rekke grensetilfeller mellom justisvesenet og helse- og sosialvesenet.

Dette skrives i den kirkelige betenkningen «Kirken og fangeomsorgen» som er lagt fram på Kirkemøtet 1990. Betenkningen peker på at strafferetten trenger en ny etisk gjennomgang fordi begrunnelsen for straff har endret seg markant i vårt århundre.

— I den moderne tenkning om straff har samfunnet fått en helt annen rolle som viktigste hensyn i straffens begrunnelse. Straffen er primært til som en hensiktsmessig forholdsregel for å gi storsamfunnet beskyttelse, heter det i betenkningen.

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

5260 Indre Arna

FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste .

Velkommen til kyrkje

- MARS 17.** *Maria bodskapsdag — Luk. 1,26-38.*
Arna kl. 11. Områdesekretær Tor Dag Kjosavik. Arna kammerkor. Årsmøte i kyrkjelyden. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskole.
Arna kl. 19. Konsert. Kyrkjekoret.
Ytre Arna kl. 11. Familiegudsteneste v/sokneprest Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Santalmisjonen.
- MARS 19.** *Ytre Arna kl. 19.* Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd.
- MARS 20.** *Arna kl. 19.* Fastegudsteneste. Vi synger påska inn. Res.kap. Sundsbø.
- MARS 22.** Skulegudstenester. Ådnamarka kl. 0915. Indre Arna kl. 10.30. Pårørande er hjarteleg velkomne.
- MARS 24.** *Palmesøndag — Joh. 12,1-13.*
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Arna kl. 19. Musikkandakt. Res.kap. Sundsbø.
- MARS 28.** *Skirtorsdag, Matt. 26,17-29.*
Arna kl. 20. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen. Song ved Johannes Lyngset.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
Trengereid kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Takvam kl. 16. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
Arna Helseheim kl. 16. Sokneprest Nese.
- MARS 29.** *Langfredag — Luk. 22,39-23,46.*
Arna kl. 11. Sokneprest Nese.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø.
- MARS 30.** *Påskennatt.*
Arna kl. 23. Førstelektor Arve Brunvoll og sokneprest Nese m.fl. Samansett kor.
- MARS 31.** *Påskedag — Matt. 28,1-8.*
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den norske Sjømannsmisjon.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Den norske Sjømannsmisjon.
Redningshytta kl. 13. Andakt v/Jens K. Hauge.
Trengereid kl. 18. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den norske Israelsmisjonen.
- APRIL 01.** *2. påskedag — Ap.gj. 10,34-43.*
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Fritidstilbodet for dei funksjonshemma. Nattverd.
- April 07.** *1. s.e. påske — Joh. 20,19-31.*
Arna kl. 11. Vikarprest Godtfred Haugland. Song ved Dynamix. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi. Søndagsskule.
Arna kl. 16. Konsert. Koret Divici. Andakt sokneprest Nese.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til dei 4 diakoniinstitusjonane. Nattverd.
- APRIL 14.** *2. s.e. påske — Joh. 10,11-16.*
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd. Kyrkjekoret. Søndagsskule.
Arna kl. 19. Konsert.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Indre Sjømannsmisjon.
- APRIL 21.** *3. s.e. påske — Joh. 16,16-22.*
Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Res.kap. Sundsbø. Speidarane tek del. Barnekantoriet. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19. Samtalegudsteneste for konf. frå Ådnamarka og Lone. Kåre Kvalvåg. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Arna og Åsane prostiråd. Nattverd.
- APRIL 23.** *Arna kl. 19.* Samtalegudsteneste med leirskulekonfirmantane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- APRIL 28.** *4. s.e. påske — Joh. 16,5-15.*
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Keryx. Takkoffer til Evangelisering og menighetsvekst. Nattverd. Søndagsskole.
Arna kl. 19. Samtalegudsteneste med konf. frå Garnes. Sokneprest Nese. Keryx. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
Ytre Arna kl. 19. Samtalegudsteneste. Res.kap. Sundsbø.
Trengereid kl. 11. Sokneprest Nese. Samtale med konfirmantane. Offer til Kalfarkollektivet.